



«Mottakernavn»

«Adresse»

«Postnr» «Poststed»

«Kontakt»

Vår dato:

22.05.2023

Vår ref:

2022/3892

Dykkar dato:

«RefData»

Dykkar ref:

«Ref»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Tom Dybwad, 5764 3123

Breisete naturreservat og Rodeholene naturreservat - godkjenning av forvaltningsplanar

Statsforvaltaren har godkjend forvaltningsplanane for Breisete naturreservat og for Rodeholene naturreservat, og vi sender med dette dei godkjende planane til aktuelle partar og instansar.

Vi viser til vårt brev 14.12.2022 om høyring av desse to forvaltningsplanane, med frist 15.03.2023.

Breisete naturreservat og Rodeholene naturreservat vart både oppretta ved kgl.res.22.06.2018 gjennom frivillig skogvern. Statsforvaltaren i Vestland er forvaltningsstyremakt for dei to naturreservata.

Føremål med forvaltningsplanar

Ein forvaltningsplan skal vere eit hjelpemiddel for å oppretthalde verneformålet og for å fremje verneverdiane. Forvaltningsplanar blir utarbeidde innanfor rammene i gjeldande verneforskrift, og verneforskriftene vert ikkje endra gjennom utarbeiding av forvaltningsplan. Forvaltningsplanar skal også fungere som rettleiar for forvaltningsstyremaktene. Ein forvaltingsplan er ikkje eit juridisk bindande dokument, men skal avklare handtering av verne- og brukarinteresser i området på bakgrunn av verneforskrifta som gjeld i områda. Verneforskrift og grenser er såleis ikkje tema ved utarbeiding av forvaltningsplanar.

Kort om Breisete og Rodeholene naturreservat

Føremålet med opprettning av Breisete naturreservat går fram av § 1 i verneforskrifta:
«Føremålet med naturreservatet er å ta vare på eit område med sitt biologiske og geologiske mangfold, som representerer ein bestemt type natur i form av eit stort og lite rørt skogområde med eit stort mangfold av skogs- og vegetasjonstypar, der større delar har areal med urskogprega skog. Området innehold mykje daud ved. Målet er å ta vare på området i mest



mogleg naturleg tilstand, med stadeigne artar og naturtypar, fugle- og dyreliv, og skogdynamikk styrt av naturlege prosessar.»

Føremålet med oppretting av Rodeholene naturreservat går fram av § 1 i verneforskrifta: «*Føremålet med naturreservatet er å ta vare på eit område med sitt biologiske og geologiske mangfold, som representerer ein bestemt type natur i form av eit stort og lite rørt skogområdemed eit stort mangfold av skogs- og vegetasjonstypar, der større delar har areal med urskogprega skog. Området inneheld mykje daud ved. Målet er å ta vare på området i mest mogleg naturleg tilstand, med stadeigne artar og naturtypar, fugle- og dyreliv, og skogdynamikk styrt av naturlege prosessar.»*

Det er store allmenne interesser knytte til dei to naturreservata, samstundes som det er store naturverdiar i området. Spesielle utfordringar er at det gjennom Rodeholene naturreservat går ei kraftlinje og ein grusveg, og for Breisete naturreservat at det omkransar Breisetevatnet som er drikkevasskjelde for Sogndal kommune.

Kunnskapsgrunnlaget i dei to naturreservata er godt gjennom undersøkingane som vart gjennomført i løpet av verneprosessen. I tillegg vart det gjort nye undersøkingar i Breisete naturreservat i 2021.

Innkomne fråsegener til høyringsframlegget og oppfølging av desse

Det kom tre fråsegener til framlegget til forvaltningsplanar:

Forsvarsbygg hadde ingen merknader.

Norges vassdrags - og energidirektorat (NVE) viser til to forhold:

«*Sygnir AS eier en nettlinje som krysser Rodeholene naturreservat. NVE er positive til at Statsforvalter har vært i kontakt med Sygnir AS. Sygnir AS informerer om at de har behov for å kunne drifta, vedlikeholde og bygge nye nettanlegg i sitt konsesjonsområde og viser til verneforskriftens punkt om kraftlinjer. Forvaltningsplanen må ta hensyn til drift av nettanlegget slik at Sygnir AS kan gjennomføre drift og ulike tiltak på nettanlegget. NVE ber om at Sygnir AS sin uttalelse blir fulgt opp og at standardbestemmelser for energi- og kraftanlegg skal inkluderes i verneforskriften for dette området.*

Breisete naturreservat omkranser vannforsyningssdammen Breisetevatn. Sogndal kommune er ansvarlig for vannforsyningssdammen. NVE ber Statsforvalter å ta kontakt med Sogndal kommune for å høre om de eventuelt har behov for tilpasninger i forvaltningsplanen for å hensyn ta vannforsyningssdammen. Statsforvalter opplyser at de vil samarbeide med Sogndal kommune gjennom prosessen. Dette er NVE positive til.»

Statsforvaltaren vil følge dei nasjonale retningslinjene for handtering av kraftlinjer i naturreservat, og gjeldande verneforskrift gjer dette mogleg. Vi vil vere i nær kontakt med Sygnir om drift, vedlikehald og eventuell fornying av kraftlinja som går gjennom Rodeholene naturreservat. Sogndal kommune har ikkje kome med fråsegn om at det er behov for tiltak knytt til drift og vedlikehald av Breisetedammen. Statsforvaltaren har hatt



eit godt samarbeid med kommunen om tiltak og drift av Breisetedammen som vasskjelde for Sogndal kommune, m.a. då dammen vart oppgradert for nokre år sidan.

Bruksrettshavarar på Vassløysa og Vatnasete i Breisete naturreservat viser til § 6b) i verneforskrifta der det går fram at det er unntak i verneforskrifta for køyring i landbruksnæring, og at det er behov for slik køyring. Dei siste åra er det sleppt ca. 50 storfe og ca. 500 sau som heilt eller delvis beitar i området, og det er etablert ca. 10 faste stader for saltstein. Bruksrettshavarane ber om at § 6b) vert utvida til køyring for vedlikehald av stølshus, gjerde, transport osv..

Statsforvaltaren er samd i forståinga av køyring i landbruksnæring til Vassløysa og Vatnasete. Når det gjeld anna køyring (traktor/snøskuter) til Vassløysa (materialar m.m.) og for vedlikehald av dammen ved Vatnasete, må det søkjast etter §§ 7i) og 7j). Sidan dette i stor grad vil gjelde årleg vedlikehald, kan det vere aktuelt å gi eit fleirårig løyve. Det er ikkje aktuelt å endre verneforskrifta no.

Rådgivande utval?

Det er ikkje kome innspel om at det er ønskjeleg å opprette eit rådgivande utval for dei to naturreservata. Statsforvaltaren ser det difor ikkje som aktuelt å opprette eit rådgivande utval no, men det kan takast opp seinare ved behov eller ønskje om det.

Godkjenning

Statsforvaltaren har retta feil vi har funne, og oppdatert forvaltningsplanane, m.a. når det gjeld bruk av el-sykkel (som er tillate på grusvegen til TV-masta på Storehaugfjellet, men ikkje andre stader i dei to naturreservata). Innhaldet i forvaltningsplanane er elles ikkje endra før godkjenning.

Forvaltningsplanane for Breisete naturreservat og Rodeholene naturreservat kan ein også finne på Statsforvaltaren si internettleide: www.statsforvalteren.no/vestland

For meir informasjon om forvaltningsplanane for Breisete naturreservat og Rodeholene naturreservat, kontakt prosjektmedarbeidar Tom Dybwad (tlf. 57 64 31 23, e-postadresse fmsftd@statsforvalteren.no).

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Tom Dybwad
prosjektmedarbeidar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

Forvaltningsplan for Breisete naturreservat med vedlegg
Forvaltningsplan for Rodeholene naturreservat med vedlegg



Kopi til:
Miljødirektoratet

Postboks 5672 Torgarden

7485 TRONDHEIM



Mottakerliste:



Åshild Øyre	Øyragrendi 108	6858	FARDAL
Torleiv Bjørk	Bjørkavegen 47	6854	KAUPANGER
KAUPANGER IDRETTSLAG	Kaupanger idrettslag	6854	KAUPANGER
	Postboks 30		
Vestland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Steinar Bødal	Skogavegen 189	6854	Kaupanger
SOGN TERRENGSYKKEL	c/o Petter Andreas	6856	SOGNDAL
	Strøm Kleivane 27		
UNIVERSITETET I BERGEN DET MATEMATISK-NATURVITENSK FAK	Postboks 7803	5020	BERGEN
NATURVERNFORBUNDET I SGN OG FJORDANE	Hafstadvegen 34	6800	FØRDE
VISIT SOGNEFJORD AS	Fosshaugane Campus Trolladalen 30	6856	SOGNDAL
Sogndal og Leikanger Bonde- og Småbrukarlag	v/ Olav Nesse, Gorvinsvegen 8	6856	SOGNDAL
BRATT MORO AS	Postboks 164	6851	SOGNDAL
Høgskulen på Vestlandet	Postboks 7030	5020	BERGEN
Avinor	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
Luftfartstilsynet	Postboks 243	8001	BODØ
Norsk Ornitologisk Forening	Sandgata 30 B	7012	TRONDHEIM
Vestland Bondelag	Hafstadvegen 21	6800	FØRDE
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091	0301	OSLO
Forsvarsbygg	Majorstua		
Norskog	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
Sabima	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
WWF Verdens naturfond	Mariboes gate 8	0183	OSLO
	postboks 6784 St. Olavs Plass	0130	OSLO
Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Sognefjordvegen 40	6863	LEIKANGER
Jomar Haukås	Porsmyrvegen 2	6854	Kaupanger
Bjørn Bjørkum	Kvernavegen 26	6854	KAUPANGER
Torbjørn Olstad	Øvste Skogen 29	6854	KAUPANGER
Tommy Olstad	Skogavegen 244	6854	KAUPANGER
Nils Joachim Knagenhjelm	Jektestrondi 2	6854	KAUPANGER
Bjørnar Aaberge Dale	Øystein Dale, Skogavegen 186	6854	Kaupanger
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
Norges Naturvernforbund	Miljøhuset, Marieboesgate 8	0183	OSLO



UNIVERSITETET I BERGEN	Muséplassen 1	5020	BERGEN
UNIVERSITETSMUSÉET I BERGEN			
Magne Bruland Selseng	Skogavegen 88	6854	Kaupanger
Helge Ruud	Øvste Skogen 94	6854	KAUPANGER
Oddbjørn Hauståker	Øvste Skogen 31	6854	Kaupanger
Tommy Skjerven	Einevegen 3	6854	KAUPANGER
Sogndal jeger- og sportsfiskarlag			
Sogndal Bondelag	Magne Selseng, Skogavegen 88	6854	KAUPANGER
SOGNDAL IDRETTSLAG, orienteringsgruppa	Postboks 164	6856	SOGNDAL
Norges Jeger- og Fiskerforbund	Postboks 94	1378	NESBRU
SOGN OG FJORDANE BONDE- OG SMÅBRUKARLAG	c/o Marit Randi Milde Angedalsvegen 639	6811	FØRDE
SOGN OG FJORDANE TURLAG	Storgata 1	6993	HØYANGER
Gunnar Dalaker	Øvste Skogen 41	6854	Kaupanger
Kjellaug Olstad	Skogavegen 240	6854	KAUPANGER
SOGNDAL KOMMUNE	Postboks 153	6851	SOGNDAL
SOGNDAL TURLAG	Helgheimsvegen 14	6856	SOGNDAL
SOGNEKRAFT AS	Røysavegen 1	6893	VIK I SOGN
SYGNIR AS	Røysavegen 1	6893	VIK I SOGN
Mette M Strand Heiberg	Øvre Amla 14	6854	Kaupanger
Norsk institutt for naturforskning	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM